

Rammeløyve no for Ospelunden?

04.11.2012

**Trond Rusten i Kvinnherad Bygg har no svara kommunen på
eindel spørsmål om Ospelunden byggjefelt og håpar at rammeløyve
for utbyggjinga kan gjevast.
Ein merknad galdt ein mindre
endring av reguleringsplanen som er innsendt og ein annan
nabovarsel som også er ekspedert.**

Når det gjeld strømforsyninga til byggjesteg 1 vert linja ned til Korsnes lagt i jord og linja gjennom feltet vert som før. Ellers vert det sett opp ny trafo for å dekkja behovet i det nye byggjefeltet.

Når det gjeld byggjeteg 2 vert linja frå Rosendal lagt ned i jord i samband med vegbyggjning og kopla saman med høgspenteledning som allereie ligg i gang- og sykkelvegen. Linja gjennom feltet vert fjerna.

Sjøkkjevattn har vore eit anna tema og her opplysar Kvinnherad Bygg at det er brannvassdekning til det første byggjesteget. Ved seinare byggjesteg må ledning fram til høgdebassseng og dette opparbeidast for å sikra nok sløkkjevattn

Av Ola Matti Mathisen